

Prosjekt/Sak	met.no Årsrapport 2012
Ansvarleg divisjon	Dirstab
Dato/versjon	Versjon 20130225_9
Filnamn	Arsberetning_9
Status	Vedteke av styret 14.2.2013



Meteorologisk institutt

Årsrapport

2012

Godkjend av styret 14. februar 2013

Innhald

Samandrag – årsrapport 2012	3
Kommentarar frå styret	4
1 Meteorologisk institutt i 2012: vedtekter, organisasjon og hovudtal	5
1.1 Formålet til instituttet	5
1.2 Om instituttet.....	5
1.3 Hovudtal frå rekneskapen.....	5
2 Risikostyring	6
3 Rapportering av måloppnåing for 2012	6
3.1 Resultatmål 1: Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsla for vêr, hav og miljø	6
3.2 Resultatmål 2: Meteorologisk institutt skal vidareutvikle observasjonssystemet for vêrvarslings- og klimaformål	11
3.3 Resultatmål 3: Meteorologisk institutt skal utføre forskning av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta	14
3.4 Resultatmål 4: Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om klimaet i Noreg i dag og om klimautviklinga i fortid og framtid	25
3.5 Resultatmål 5: Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i all kommunikasjon	29
4 Generelle krav til den samla verksemda	31
4.1 Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv	31
4.2 Auke i talet på lærlingar i statsforvaltninga	32
4.3 Vidarebruk av offentlege data	35
4.4 Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar	35
4.5 Samfunnstryggleik og beredskap	36
4.6 Offentlege innkjøp.....	36
Rekneskap – 2012.....	37

Samandrag – årsrapport 2012

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål.

Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringslivet, institusjonar og allmenta blir best mogleg i stand til å sikre liv og verdiar, planleggje framover og verne miljøet.

Årsrapporten for året 2012 viser at Meteorologisk institutt har jobba mot – og stort sett oppfylt – dei krava som blei stilte til instituttet i tildelingsbrevet frå KD:

- Modellberekningane frå HIRLAM og UM viser minkande feil for temperatur i 2 m høgd og nedbør på døgnbasis i 2012 samanlikna med åra før. Denne utviklinga gjeld òg for ECMWF-resultata, spesielt på døgnnedbør.
- Statistisk korleksjon av vind- og temperaturprognosane i modellen (såkalla postprosessering) er forbetra i 2012 og fører til ein stor reduksjon av systematiske feil i prognosane.
- Meteorologane har høve til å endre (editere) vêrvarsla før dei blir publiserte på yr.no. Det skal no vurderast grundig kor mykje denne editeringa har å seie for kvaliteten på varsla.
- For å bedømme kvaliteten på flyvêrvarsla er det innført eit poengsystem som kan gi eit landingsvarsel på inntil 10 poeng. Resultatet for 2012 er 9,6. Dette er det same talet som for 2011 og viser at vi framleis held eit stabilt høgt nivå.
- Instituttet konsentrerte seg i stor grad om nordområda i året som gjekk. Det har levert verdifulle bidrag til BarentsWatch, og det nye systemet for varsling av polare lågtrykk gir sikrere varsel av farleg vêr i nordområda.
- Oppgradering av hardware, software og kommunikasjonsløyising til autosondestasjonane har ført til at regularitetsmålet for radiosonde ikkje blei nådd. Alle dei andre måla blei nådde på observasjonssida.
- Den gamle havmodellen til instituttet (MIPOM) er erstatta med ein ny moderne modell (ROMS). Berekningsområda for havmodellering er forenkla. Berekingar av bølger, straum og vasstand blir no gjorde i fin skala langs heile kysten.
- Ein viktig føresetnad for auka kvalitet på vêrvarsla og effektiv forskning er tilgang på tungrekeressursar. Den nye tungrekeressursen "Vilje" kom på plass mot slutten av året og vil auke reknekrifta til instituttet mykje. Dette inneber mellom anna større moglegheiter for innføring av modellar med høgare oppløysing, større integrasjonsområde og nye ensemblesystem.
- Som følgje av kompetansen på luftforureining er instituttet innlemma i Etatsgruppe Vulkansk Aske, eit kriseteam som kjem saman ved store vulkanutslepp eller ved atomutslepp.
- Simulering av luftforureininga dei siste 20 åra viser at Göteborgprotokollen for å redusere utsleppa av svovel og andre sporstoff har vore effektiv.
- Digitaliseringa av måleseriane til instituttet går etter planen.
- Brukarmøte med viktige brukarar av klimaseriane til instituttet har gitt ny kunnskap om kva slags informasjon som er nyttig for brukarane, og kvar samfunnet har behov for klimadata.
- Klimaservicesenteret starta opp i 2012 og er eit samarbeid mellom met.no, NVE og Bjerknessenteret/UniResearch i Bergen.
- Besøkstalet på yr.no stig stadig og er tilgjengeleg på alle plattformer over ein viss størrelse.
- For sjuande året på rad låg Meteorologisk institutt på omdømmetoppen blant alle statsetatane.
- Instituttet er leiande når det gjeld tilbod om gjenbruk av offentlege data.

Kommentarar frå styret

Styret har følgd arbeidet til Meteorologisk institutt nøye i 2012. Styret har framleis full merksemd retta mot omleggingar av dette arbeidet i ein situasjon med vanskar med å få tak i personell. Styret ser fram til at instituttet blir styrkt med ny økonomidirektør frå mars 2013.

Styret er nøgd med at modellvarsla for nedbør og temperatur er betra i løpet av året. Vindvarsla som blir lagde ut på yr.no, er òg betra, men dette kjem ikkje så lett til syne fordi prognosane på yr.no ikkje er omfatta av kvantitative prestasjonskrav. Dette blir retta opp i 2013 når dei kvantitative prestasjonskrava blir flytte over frå modellprognosane til prognosane som blir lagde ut på yr.

Det tydelege brukarperspektivet som kjenneteiknar yr-arbeidet, og betringane av modellar og system som blir gjorde for brukarane, heldt fram i 2012. Når modellane presterer betre for nedbør og temperatur, og når postprosessering av modellprognosane betrar varsla, gleder medarbeidarane på instituttet seg på brukarane sine vegner. Dette kan vere noko av forklaringa til at Meteorologisk institutt for sjuande året på rad toppa omdømmemålinga i staten.

Situasjonen rundt tungrekning skapte noko uro i delar av 2012, både med knappe ressursar på NTNU og innkjøpet og implementeringa av ei stor ny SGI-maskin. Implementeringa av Ve og Vilje førte til at ikkje alle regularitetsmåla blei oppnådde i 2012, men manglande måloppnåing kan forklarast – og tungrekneproblema er no stort sett løyste. Dette gir eit grunnlag for betre måloppnåing i 2013.

Halo, tenesta til dei statlege samarbeidspartnarane til instituttet, var eit av dei store satsingsområda til instituttet i 2012. Den strategiske planen til instituttet har "utvikling av vêrvarslingsstenesta" som eit sentralt punkt. I denne samanhengen synest Halo-satsinga som eit fornuftig og framtidretta grep: Dei statlege samarbeidspartnarane held Noreg i gang og medverkar på same måten som instituttet til sikring av liv og verdiar. Dei har dermed andre krav til ei vêrteneste enn kva allmenta har, noko som gjer at samarbeidspartnarar bør prioriterast. Halo vil møte dette behovet på ein trygg måte.

Arbeidet med å byggje ut og vedlikehalde observasjonssystemet gjekk som planlagt i 2012 òg. Styret ser liten eller ingen grunn til å uroe seg over denne delen av instituttarbeidet trass i at det er store investeringar, til dels utanfor ramma, som blir lagde ned på området. Her har instituttet full kontroll.

Klima er eit spørsmål som står høgt på dagsordenen i samfunnet. Meteorologisk institutt gjer mykje for å forsyne viktige brukargrupper og samfunnet generelt med klimadata. Styret kunne likevel ønskje at instituttet var meir synleg for samfunnet i klimaspørsmålet og ser eit klart betringpunkt her.

Styret har merkt seg at instituttet har levert verdifulle bidrag til BarentsWatch, og at det nye systemet for varsling av polare lågtrykk gir sikrere varsel av farleg vêr i nordområda. Samarbeidet med det russiske meteorologiske instituttet, Roshydromet, utviklar seg òg i positiv retning. Oppgraderinga av havmodellane som har skjedd i løpet av 2012, gir eit godt grunnlag for betre varsling i Norskehavet og i Arktis.

Arbeidsmiljøundersøkingar viser at Meteorologisk institutt er ein god stad å arbeide.

Det er kontroll på strukturane som styrer risiko, HMT og beredskap. Situasjonen etter 22. juli i 2011 fordrar likevel at instituttet vier feltet meir merksemd i 2013.

Styret set pris på arbeidet for å oppnå at det blir like mange kvinner og menn på instituttet. Styret er nøgd med at saka kontinuerleg er på dagsordenen, og at det blir prøvd ut tiltak for å rekruttere og behalde gode medarbeidarar – og kvinner spesielt. Styret merkar seg den jobben instituttet gjer for å rekruttere og utvikle kvinnelege leiarar.

1 Meteorologisk institutt i 2012: vedtekter, organisasjon og hovudtal

1.1 Formålet til instituttet

Vedtektene er fastsette ved kongeleg resolusjon den 9. desember 2005. Dei faglege oppgåvene til instituttet er oppsummerte i § 1, sitert nedanfor:

§ 1 Formål

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringslivet, institusjonar og allmenta blir best mogleg i stand til å sikre liv og verdiar, planleggje framover og verne miljøet. Instituttet skal mellom anna:

- a) utarbeide vêrvarsel
- b) studere klimaet i Noreg og gi klimatologiske utgreiingar
- c) innhente meteorologiske data i Noreg, nærliggjande havområde og på Svalbard
- d) drive forskings- og utviklingsarbeid
- e) levere flyvêrtenester
- f) formidle resultatane av arbeidet dei gjer
- g) utføre oppdrag og yte spesialtenester
- h) delta i det internasjonale meteorologiske samarbeidet

1.2 Om instituttet

Meteorologisk institutt er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Instituttet blir leidd av eit styre. Direktøren tek hand om den daglege leiinga av instituttet.

Meteorologisk institutt har hovudkontor i Oslo og er organisert i tre divisjonar: Meteorologi- og klimadivisjonen, FoU-divisjonen og IT-divisjonen. To einingar støttar dessutan direktøren i arbeidet hans: eining for økonomi og styring og eining for organisasjon og samfunn. Vêrvarsla kjem frå vêrvarslingssentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. Det står meir om arbeidsstadene i organisasjonen i kapittel 4.4.

Instituttet har om lag 430 årsverk og 446 tilsette (448 i 2011). 38 prosent av medarbeidarane er kvinner. 39 prosent av medarbeidarane går i turnusteneste, og 58 prosent arbeider i Meteorologi- og klimadivisjonen. Total turnover er 2,1 prosent (2,3 i 2011).

1.3 Hovudtal frå rekneskapen

Område	Ressursbruk	%	Årsverk
Statsoppdrag*	319 909 289	75,3	304
Samfinansiert	48 528 167	11,4	47
Flyvêrtenesta	49 589 276	11,7	74
Oppdrag	2 175 747	0,5	
Kommersielt	4 761 375	1,1	5
Til saman	424 963 854	100	430

*Tilskotsforvaltning, som blir løyvd over post 72 Internasjonalt samarbeid er ikkje inkludert.

2 Risikostyring

Verksemda til Meteorologisk institutt blir driven etter eit risikostyringssystem som skal sikre at instituttet når dei fem måla departementet har sett. Systemet omfattar ulike hendingar som kan hindre måloppnåing, og det vurderer den enkelte hendinga i forhold til sannsynet for førekomst og konsekvens og kor vesentleg førekomsten er. På bakgrunn av desse opplysningane utarbeider og gjennomfører instituttet tiltak og vurdering av effekten desse tiltaka har, for å redusere risiko.

For 2012 blei det vurdert risiko for til saman 26 hendingar under fire ulike overskrifter: Tekniske forhold, Kompetanse, Teknisk eller menneskeleg svikt og Samarbeid. For 10 av dei 26 vurderte hendingane er det utarbeidd risikoreduserande tiltak. Status er vurdert halvvegs inne i perioden til den gjeldande risikoanalysen, og det er den klare oppfatninga til instituttet at fleire typar risiko er reduserte som følgje av tiltak som er sette i verk. Systemet blir revidert årleg (i juni), og styret får sjå resultatet. Full risikoanalyse for 2012 følgjer årsrapporten som vedlegg.

3 Rapportering av måloppnåing for 2012

Instituttet har fem resultatmål for 2012, og desse dekkjer områda vêrvarsling, forskning, klima og formidling. Måloppnåinga for kvart av desse resultatmåla er rapporterte under.

3.1 Resultatmål 1: Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsla for vêr, hav og miljø

Styringsparametrar:



- a) Typiske avvik (Root Mean Square Error (RMSE) og Mean Error (ME)) mellom berekna og observert verdi for trykk, vind, temperatur og nedbør
Prestasjonskrav: Skal minke over ein treårsperiode målt over dei siste tre åra
- b) Kvalitet på landingsvarsel (TAF) for flytrafikken
Prestasjonskrav: Kvaliteten på TAF skal dokumenterast kvantitativt, og kvaliteten skal auke i den kommande treårsperioden.
- c) Regularitet med omsyn til delen godkjende modellkøyningar, oppetid på serverar og prosentvis del godkjende terminar.
Prestasjonskrav: 99,8 prosent av terminkøyningar av operative atmosfæremodellar skal gjennomførast. 97,5 prosent av terminkøyningane av operative atmosfæremodellar skal vere ferdige innan 180 minuttar frå termintid.

Rapport



a) Typiske avvik mellom berekna og observert verdi for trykk, vind, temperatur og nedbør

Figurane under viser utviklinga i avvik frå 1996 til 2012 – mellom modellberekningar (resultata for alle dei operasjonelle varslingsmodellane som instituttet bruker i varslinga: Den globale ECMWF-modellen frå ECMWF i Reading, instituttet sin HIRLAM-modell som blir køyrd i to versjonar med høvesvis 12 og 8 km oppløysing, og Unified Model (UM) frå UK MetOffice med 4 km oppløysing) som gir grunnlag for varslinga og observasjonar for lufttrykk, vind, temperatur og nedbør. Modellkøyringane blir kontinuerleg samanlikna med observasjonar.

Avviket mellom modellprognosane og observasjonane er gitte som Mean absolute error, som betyr at absoluttverdiane av forskjellane mellom berekningane og observasjonane er midla. Dette er gjort for eit utval av norske landstasjonar som har vore i drift i heile perioden. Stasjonsutvalet er ikkje det same for kvar parameter. For vind er det valt stasjonar der det blæs mykje, dei fleste langs kysten og nokre få i høgjellet. For dei andre parametrane er det større representativitet i stasjonsnettet.



- | | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>A. ECMWF: 3D-Var data assimilation introduced</p> <p>B. ECMWF: 4D-Var data assimilation introduced</p> <p>C. ECMWF: model resolution upgraded from 90 to 60 km</p> <p>D. ECMWF: model resolution upgraded from 60 to 40 km</p> <p>E. HIRLAM50: 3D-Var data assimilation introduced</p> <p>F. HIRLAM20: model resolution upgraded from 50 to 20 km</p> <p>G. HIRLAM10: use of ECMWF boundary conditions</p> <p>H. ECMWF: disseminated resolution from 150 to 50 km</p> | <p>I. HIRLAM20: use of ECMWF analysis in data assimilation</p> <p>J. HIRLAM20/10: use of daily updated sea surface temperatures</p> <p>K. HIRLAM20: improved physical parameterizations</p> <p>L. HIRLAM10: improved physical parameterizations</p> <p>M. ECMWF: model resolution upgraded from 40 to 25 km</p> <p>N. HIRLAM20/10: model resolution upgraded to 12 and 8 km</p> <p>O. UM4: improved physical parameterizations</p> <p>P. ECMWF: model resolution upgraded from 25 to 16 km</p> |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|



- | | |
|---------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| A. ECMWF: 3D-Var data assimilation introduced | I. HIRLAM20: use of ECMWF analysis in data assimilation |
| B. ECMWF: 4D-Var data assimilation introduced | J. HIRLAM20/10: use of daily updated sea surface temperatures |
| C. ECMWF: model resolution upgraded from 90 to 60 km | K. HIRLAM20: improved physical parameterizations |
| D. ECMWF: model resolution upgraded from 60 to 40 km | L. HIRLAM10: improved physical parameterizations |
| E. HIRLAM50: 3D-Var data assimilation introduced | M. ECMWF: model resolution upgraded from 40 to 25 km |
| F. HIRLAM20: model resolution upgraded from 50 to 20 km | N. HIRLAM20/10: model resolution upgraded to 12 and 8 km |
| G. HIRLAM10: use of ECMWF boundary conditions | O. UM4: improved physical parameterizations |
| H. ECMWF: disseminated resolution from 150 to 50 km | P. ECMWF: model resolution upgraded from 25 to 16 km |

Resultata viser at kvaliteten på HIRLAM- og ECMWF-resultata har vore omtrent uendra sidan 2009 for bakketrykk og vind, mens det har vore minkande feil for temperatur i 2 m høgde og for nedbør. Når det gjeld UM, er resultata ikkje tilfredsstillande for 2-meterstemperaturen og heller ikkje for vinden.

Kvaliteten på varsla på www.yr.no

Grunnlaget for varsla på yr.no er basert på datasettet Proff.Default. Dette er eit samansett produkt basert på dei sterkaste sidene ved dei ulike modellane ved met.no. I tillegg er det gjort ei vidare prosessering av modellresultata for enkelte parametarar for ytterlegare å heve kvaliteten (temperatur og vind) og leggje til rette for ein betre presentasjon (nedbør) på yr.no.

Datasettet Proff.Approved er eit produkt som tek utgangspunkt i Proff.Default, men som før det blir brukt på yr.no, er overvaka og om nødvendig korrigerer av varslingsmeteorologar.

Varslingsmeteorologane har to moglegheiter til å påverke varselet på yr.no: (1) Dei kan velje ei anna modellsamansetjing enn Proff.Default, og/eller (2) dei kan endre (editere) det automatisk genererte varslingsforslaget for vind eller nedbør. Varslingsmeteorologane endrar ikkje temperaturvarsla til modellen.

yr.no blir i dag oppdatert med Proff.Default så snart dette er klart, for deretter å bli erstatta med Proff.Approved når det er klart og godkjent av varslingsmeteorologane. Proff.Default er tilgjengeleg på yr.no om lag 05UTC. Dei tilsvarende Proff.Approved-dataa er først tilgjengelege om lag 10UTC. ECMWF-køytinga i samanlikningane er tilgjengeleg om lag 08UTC.

Kvaliteten som blir tilført i dei ulike stega i varselproduksjonen (modellkøytingar, automatisk postprosessering (dvs. statistisk korreksjon) av modelldata og manuelle val/korreksjonar), blir no grundig vurderte. Det er allereie klart at postprosessering av modellprognosane reduserer systematiske feil i stor grad. Bidraget frå manuell editering av modellprognosar og val av modell blir no grundig vurdert.

Vurdering: Målet er delvis nådd: Modellane varslar nedbør og temperatur betre enn tidlegare, men varsla for trykk og vind har hatt omtrent uendra kvalitet dei siste tre–fire åra. Postprosessering av modellprognosane reduserer systematiske feil i stor grad. I sum betyr dette at vi har bevegde kvaliteten på vêrvarsla framover.

b) Kvalitet på varsel for flytrafikken

Terminal Aerodrome Forecast (TAF) blir verifisert etter eit felles Nordic TAF Verification Scheme. I dette systemet blir TAF-a kontrollerte mot observasjonar (METAR) kvar halve time gjennom heile gyldighetsperioden. Ved kvar METAR får TAF-et ein karakter frå 0 til 10 der 10 er best. For ein 24 timars TAF blir den totale skåren gjennomsnittet av 48 slike halvtimesverifikasjonar. Måltalet i denne årsrapporten er berekna som eit samla gjennomsnitt gjennom heile året for Gardermoen, Flesland og Bodø lufthamn. Resultatet for 2012 er 9,6. Dette er det same talet som for 2011, og det viser at vi framleis held eit stabilt høgt nivå.

I 2012 blei NEFAB (North European Functional Airspace Block) etablert. NEFAB består av norsk, finsk, estisk og latvisk luftrom. Frå før har Sverige og Danmark etablert ein svensk/dansk FAB. Etablering av FAB i Europa er sett på som eit viktig skritt i utviklinga av eit felles europeisk luftrom, som igjen skal føre til enklare styring og avvikling av luftfarten i Europa. Dei nordiske meteorologiske institutta inkludert Estland og Latvia har starta eit samarbeid som i løpet av nokre år skal føre fram til felles leveranse av flyvêrtenester i dei to FAB-ane som omfattar landa. I løpet av 2012 har dei involverte meteorologiske institutta utarbeidd ein plan for arbeidet som mellom anna inkluderer ei skisse for mogleg kostnadsreduksjon på sikt.

Vurdering: Målet er nådd.

c) Regularitet med omsyn til delen godkjende modellkøytingar, oppetid på serverar og prosentvis del godkjende terminar

At modellkøytingar og terminar blir godkjende, og at serverar fungerer, er avgjerande for produksjonen av vêrvarsel. Instituttet stiller derfor strenge krav til seg sjølv på desse områda.

- Av Hirlam8- og Hirlam12-køytingane blei 99,9 prosent gjennomførte (kravet var 99,8 %).
- Innan fristen på 180 minuttar frå termintid blei 97,6 prosent av Hirlam8- og 97,2 prosent av Hirlam12-køytingane gjennomførte (kravet var 97,5 %).

Avviket for Hirlam12 skjedde i hovudsak på grunn av problem med ei mellombels tungreknemaskin (Ve) som blei teken i bruk rett før jul 2011. Ve hadde problem med jobbar og filsystem i januar, mars, april og juni. I tillegg hadde vi eitt døgn med problem fordi eldre rutinemaskiner viste seg å vere svært følsame for oppsettet mot den nye lagringsløysinga vår. I andre halvår har produksjonen dessutan blitt påverka av nokre problem og feil på nettverksutstyr. Tiltak som er sette i verk: arbeid for utfasing av eldre rutinemaskiner, oppstart av ny tungreknemaskin og arbeid med styrking av driftsorganisasjonen for tungrekning. I 2012 har vi i samarbeid med NTNU sett i drift eit nytt tungreknearlegg. Systemet blir kalla Vilje og er eit SGI Altix ICE X-system som består av 1440 nodar med FDR Infiniband-nettverk. Kvar node har to 8-kjerners Intel Sandy Bridge (2.6 Ghz) og 32 GB minne. Vilje har totalt 23 040 kjernar og passar bra for storskala parallelle applikasjonar.

Vilje blei brukt i operasjonell NWP-produksjon for første gong i oktober 2012. Vilje har ei yting på 467 TFlops (Flop = Floating-point Operations Per Second), mot Njords 23 TFlops. Meteorologisk institutt eig om lag 1/3 av maskina.

Vurdering: Målet er delvis nådd: Regulariteten blei påverka av innføringa av den mellombelse tungreknemaskina Ve.

Andre kommentarar som gjeld måloppnåinga

Proff-prosjektet utviklar meteorologane sin kompetanse og fagmetodikk og sørgjer for teknologisk vidareutvikling av det digitale produksjonsverktøyet deira. I 2012 har arbeidet i Proff hatt mindre ressursar enn tidlegare år. Det er framleis lagt spesiell vekt på Proff-utvikling som medverkar til å forenkle sider ved produksjonen som er manuelt arbeidsintensive. Det har ført til ein liten reduksjon i turnus, som igjen betyr at fagpersonalet kan involverast meir i utviklingsarbeid eller samfunnskontakt på dagtid. Det har òg vore viktig å etablere ein ny databasestruktur for både nye og tidlegare varslingsdata. Databasen styrkar mellom anna infrastrukturen rundt verifikasjon av varsel. Gode verifikasjonsverktøy medverkar til å avsløre svake punkt i produksjonen. Kompetansetiltak og forskning kan setjast inn der svakheiter blir avdekte.

Færre utviklarressursar til Proff kjem av at utvikling av Halo har hatt høgare prioritet. Halo skal bli portalen som instituttet nyttar ved betening av viktige offentlege samarbeidspartnarar. Via Halo vil desse få spesialtilpassa informasjon og meir avanserte produkt enn det som finst på yr.no. I tillegg vil grunnlagsdata òg vere tilgjengelege gjennom Halo-portalen. Vidare arbeider instituttet med å få systematisert ein direkte og relevant kommunikasjon mellom meteorologar og avgjerdstakarar hos dei offentlege samarbeidspartnarane. På denne måten vil Halo stå for maskin-til-maskin-, maskin-til-menneske- og menneske-til-menneske-kommunikasjon. Utvikling av Halo har ført til auka kontakt mellom Meteorologisk institutt og viktige statlege samarbeidspartnarar. God kontakt er med på å betre forståinga av data og produkt frå instituttet og høgare kvalitet på bruken av meteorologisk informasjon hos samarbeidspartnarar.

Gjennom ei endring av turnus i den operative IT-drifta har vi frigjort tid som blir brukt til å betre driftsdokumentasjonen og auka testing av dei operative systema. Dette er tiltak som medverkar til å sikre regularitet i varselproduksjonen og andre operasjonelle tenester, som observasjonsinnsamling og formidling av varsel.

I 2012 har vi styrkt beredskapen for driftsberekingar ved ulykker på havet, oljeutslepp og søk og redningsaksjonar. Verifikasjonen av vind- og bølgeprognosane er blitt forbetra. Samarbeidet med Kystverket om vind- og bølgevarsel for utsette farleier (hurtigbåtleier) langs kysten blir vidareført og utvikla.

3.2 Resultatmål 2: Meteorologisk institutt skal vidareutvikle observasjonssystemet for vêrvarslings- og klimaformål

Styringsparametrar:

- a) Regularitet (prosentvis del godkjende terminar) for innsamling av sanntidsobservasjonar frå meteorologiske stasjonar
Prestasjonskrav: 97 prosent
- b) Regularitet (prosentvis del godkjende terminar) for innsamling av radiosondedata frå Jan Mayen, Bjørnøya, Bodø, Ørland og Sola
Prestasjonskrav: 96 prosent
- c) Oppetid for dei norske vêrradarane
Prestasjonskrav: 96 prosent
- d) Regularitet (prosentvis del godkjende nedlesingar i forhold til skedulerte pass/terminar) for innsamling av polare og geostasjonære satellittdata
Prestasjonskrav: 98 prosent
- e) Talet på nye automatiserte landbaserte stasjonar
Prestasjonskrav: 5 nye stasjoner i 2012
- f) Auke i talet på operative vêrradarar
Prestasjonskrav: Bygging av ny radar Finnmark/Gednje blei ferdigstilt i 2012.

Rapport

Rapporten som følgjer, viser at det er krevjande å halde ved like høg regularitet på observasjonssystemet vårt. Tilgjenget til målestasjonane kan vere vanskeleg, og det er svært mange forskjellige typar feil som kan oppstå. Det kan ta tid å få kvalifisert personell og reservedelar fram til ein stasjon med feil.

a) Regularitet (prosentvis del godkjende terminar) for innsamling av sanntidsobservasjonar frå meteorologiske stasjonar

Vêrvarsel avheng av gode og regelmessige observasjonar. Regulariteten på innsamlinga i 2012 blei målt til 97,7 prosent i gjennomsnitt for stasjonar met.no eig. Dette er betre enn i 2011 og òg høgare enn målet på 97 prosent.

Fordi vi ønskjer eit observasjonsnettverk som dekkjer Noreg godt, er det nokre stasjonar som er fysisk vanskeleg tilgjengelege, og som dermed får lengre nedetid enn andre ved problem med straumtilførsel eller kommunikasjon mellom stasjonen og instituttet. Vi jobbar kontinuerleg med betring av løysingane på stasjonane og med kommunikasjon og dataflyt for å betre regulariteten endå meir.

Vurdering: Målet er nådd.

b) Regularitet (prosentvis del godkjende terminar) for innsamling av radiosondedata frå Jan Mayen, Bjørnøya, Bodø, Ørland og Sola

Radiosondedata medverkar til kvaliteten på vêrvarsla ved å måle trykk, temperatur og fukt vertikalt i atmosfæren. Regulariteten av innsamling av radiosondedata for 2012 var gjennomsnittleg 94,5 prosent. Dette er lågare enn tidlegare år. Uventa problem oppstod etter at hardware, software og kommunikasjonsløyising til autosondestasjonane blei oppgraderte. Dermed nådde vi ikkje målet på 96 prosent gjennomsnittleg innsamlingsregularitet.

Bjørnøya radiosondestasjon

Stasjonen har gjort 1123 vellykka radiosondeoppstigningar og har 5 manglande sonderingar.

Bodø radiosondestasjon (autosonde)

Stasjonen har gjort 658 vellykka radiosondeoppstigningar og har 74 manglande sonderingar. Dette skriv seg mellom anna frå nedetid i samband med planlagd oppgradering, pluss nokre problem som har oppstått etter oppgraderinga. Vi samarbeider med produsenten av utstyret for å få finne ut av dette. (Dette gjeld alle tre autosondestasjonane.) Vi òg hatt problem med ADSL-sambandet hit, men dette er no ordna.

Ekofisk radiosondestasjon

Stasjonen har gjort 683 vellykka radiosondeoppstigningar og har 49 manglande sonderingar. Dei manglande sonderingane kjem i hovudsak av:

- havari etter kollisjon med nærliggjande konstruksjonar og andre plattformer
- mannskapsskifte eller -mangel
- for kraftig vind / ugunstig vindretning, spesielt under uvêret i desember

Oppstigningane frå Ekofisk når vanlegvis ikkje like høgt som ved dei andre stasjonane. Dette er fordi det blir brukt ballongar som er mindre, og som derfor sprekk i lågare høgd.

Jan Mayen radiosondestasjon

Stasjonen har gjort 1095 vellykka radiosondeoppstigningar og har 19 manglande sonderingar. Årsaka til dette er i hovudsak feil på ei antenne og dårlege vêrforhold.

Sola radiosondestasjon (autosonde)

Stasjonen har gjort 636 vellykka radiosondeoppstigningar og har 96 manglande sonderingar. Årsaka til dette er mellom anna nedetid i samband med planlagd oppgradering, pluss nokre problem som oppstod etter oppgraderinga og problem med ADSL-sambandet. Is i sylindrane til taklukene har òg skapt ein del problem.

Prosentvis fordeling

Stasjon	Reg. 2011 (%)	Reg. 2012 (%)	Endring (%)
Bjørnøya	94,5	99,6	+ 5,1
Blindern	Slepp ved behov		
Bodø	96,2	89,9	- 6,3
Ekofisk	93,0	93,3	+ 0,3
Jan Mayen	99,0	98,3	- 0,7
Sola	93,3	86,9	- 6,4
Ørland	97,9	93,4	- 4,5

Talet på observasjonar

Stasjon	Forventa tal på obs.	Vellykka sondeoppstign.
Bjørnøya	1128	1123
Bodø	732	658
Ekofisk	732	683
Jan Mayen	1114	1095
Sola	732	636
Ørland	732	684

Forskjell i ”forventa tal på observasjonar” mellom Bjørnøya og Jan Mayen kjem av litt forskjellig starttidspunkt for fire sonderingar per døgn i vinterhalvåret.

Vurdering: Målet er ikkje nådd, mellom anna på grunn av at oppgraderingar i uventa grad har påverka regulariteten.

c) Oppetid for dei norske v rddadarane

V rddadarane er viktige for varsling p  kort sikt. Samla for dei  tte radarstasjonane v re som har vore i drift gjennom heile  ret, enda vi opp med eit tilgjenge p  96,88 prosent for 2012. Dette er over m let p  96 prosent. Ser vi p  stasjonane v re kvar for seg gjennom  ret, leverte to stasjonar d rlegare enn m lsetjinga p  96 prosent tilgjenge i snitt: And ya (88,76 %) og Rissa (94,07 %). And ya hadde gjentekne problem med kommunikasjonen til radaren, spesielt i mars og juli. I mars var det truleg  g lyn som slo ut overspenningsvernet. I juli var det kommunikasjonsbrot hos Nordlysnnett. Straumbrot i slutten av oktober og starten av november gjorde at fleire produkt gjekk tapt. Dette straumbrotet p verkar statistikken i negativ retning for b de oktober og november. I desember stansa antenna p  radar And ya p  grunn av ein  ydelagd girkasse. Reservedelar kom til instituttet i romjula, og d  var det ikkje aktuelt med ein servicetur. Radaren blei derfor dessverre ute til over nytt r. Derfor blei det unormalt l ge tal for desember.

For radar Rissa starta 2012 d rleg med kommunikasjonsbrot og ustabil spenning opp til radaren. I august var det feil med sj lvdiagnosesystemet. I september hadde radaren ein feil som gjekk over av seg sj lv til dagen etter. Radaren blir teken ned for feils king. I oktober og november var det mindre tekniske problem som no er tekne hand om.

2012													
	Jan	Feb	Mar	Apr	May	Jun	Jul	Aug	Sep	Oct	Nov	Dec	Year
and	99.76	99.14	80.78	99.69	99.03	98.09	94.35	99.16	99.27	81.92	77.50	37.74	88.76
ber											86.77	95.03	NA
blm	99.93	99.21	98.92	97.29	95.77	93.68	99.90	99.36	99.93	99.60	99.24	90.99	97.81
has	92.10	99.10	93.15	98.92	99.56	98.82	98.52	99.23	99.31	95.30	98.89	99.50	97.68
hgb	100.00	99.82	98.76	100.00	94.46	98.92	99.56	99.66	100.00	99.60	98.78	99.73	99.10
hur	99.19	99.96	98.56	96.84	99.56	98.85	99.33	99.46	99.97	99.50	98.23	99.60	99.09
rsa	83.87	99.93	97.48	100.00	100.00	97.40	99.66	88.58	95.97	86.79	79.76	99.73	94.07
rst	99.93	98.60	98.79	100.00	97.85	99.79	99.60	99.66	100.00	98.45	98.75	99.90	99.28
sta	99.97	99.57	98.32	99.97	99.29	99.13	99.53	98.82	99.55	98.86	98.23	99.53	99.23

and = And ya, ber = Berlev g, blm = B mlo, has = Hasvik, hgb = Hegebostad, hur = Hurum, rsa = Rissa, rst = R st, sta = Stad

Vurdering: M let er n dd fordi prestasjonskravet gjaldt den samla regulariteten for alle v rddadarane. Radarane p  And ya og Rissa hadde store problem med regulariteten.

d) Regularitet for innsamling av polare og geostasjon re satellittdata

Det blir lese ned satellittdata direkte fr  b de polarbane- og geostasjon re satellittar ved met.no. For 2012 var kravet til regularitet 98 prosent i snitt. Gjennom 2012 las vi ned data fr  polarbanesatellittane NOAA 15,18 og 19 (USA), METOP02 (Eumetsat, berre gjennom EUMETCAST) og FY1D (kinesisk).

Regularitetsm la blir rekna ut fr  forholdet mellom planlagde nedlesne pass og vellykka nedlesne pass. M let er   gjere mest mogleg data tilgjengeleg for brukarane. Systemet er «tuna» for   ta imot mest mogleg data fr  polarbanesatellittar. For desse satellittane ligg nedlesingsprosenten p  98,8 i gjennomsnitt. Samanlikna med 2011 er systemet ytterlegare oppgradert, og delen feilprosesserte sensordata er redusert.

For nedlesing av data fr  geostasjon re satellittar (Meteosat Second Generation , Eumetsat) har vi ei duplisert nedlesingskjede ved met.no. Tilgjenget for nedlesne data f r prosessering er p  99,95 prosent (hrit) og tilgjenget etter prosessering p  99,52 prosent (level2). Dette er over m lsetjinga.

Vurdering: M let er n dd.

e) Talet på nye automatiserte landbaserte stasjonar

Det blei etablert totalt elleve nye automatiserte, sjølvåtte vêrstasjonar i 2012. Prestasjonskravet var fem. I tillegg fekk vi inn observasjonar frå 20 nye automatiske vêrstasjonar gjennom samarbeid med andre norske institusjonar (kommunar, Jernbaneverket, NVE og andre). No får vi dessutan inn manuelle vêrobservasjonar (snøfall og snødjupn) frå 24 stasjonar i Nordnorsk skredovervaking.

Vurdering: Målet er nådd.

f) Radar Finnmark/Gednje (Berlevåg) ferdigstilt i 2012

Radartårnet var ferdigstilt i 2011, og sjølve radaren blei installert i 2012. Radar Berlevåg er no i normal drift og var tilgjengeleg på yr.no frå 29. oktober 2012.

Vurdering: Målet er nådd.

Andre kommentarar som gjeld måloppnåinga

Det er starta ein dialog med Avinor for å få inn data frå instrument på flyplassar som måler sikt, skyer og vêr, som ei erstatning for manuelle visuelle observasjonar.

Systemet for automatisk kontroll av observasjonskvalitet (Kvalobs) er vidareutvikla for observasjonar frå Statens vegvesen og eigne data. Det er gjort eit stort arbeid for å betre og sikre mottaket av observasjonar på Blindern. Det er sett i gang eit arbeid med å få nedbørsdata kvart tiande minutt etter ønske frå brukarane. Dette vil operasjonaliserast tidleg i 2013.

Instituttet er einige med Forsvaret om ei løysing for å få inn observasjonar frå potensielt 15 stasjonar knytte til radarsitene deira (relevante for skredvarsling). Vi har hittil fått inn data frå ein av desse. Instituttet arbeider òg saman med NVE, JBV og SVV om å betre observasjonsnettet med tanke på skredvarsling. Rammeavtale med leverandør for 40 nye «skredstasjonar» blei inngått i 2012.

3.3 Resultatmål 3: Meteorologisk institutt skal utføre forskning av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta

Styringsparametrar:

- a) Typiske avvik (RMSE og ME) mellom berekna og observert verdi for trykk, vind, temperatur og nedbør i atmosfæremodellar og for straum, bølger og isdekke til havs i hav- og isdekkemodellar
Prestasjonskrav: Skal minke over ein treårsperiode
- b) Effekten av nye metodar på ressursutnytting og kvalitet i vêrvarslinga
Prestasjonskrav: Blir vurdert kvalitativt
- c) Kvaliteten på beskrivinga av forureiningar i atmosfære og hav
Prestasjonskrav: Blir vurdert kvalitativt
- d) Talet på publikasjonar i internasjonale tidsskrift med referee
Prestasjonskrav: 30 artiklar
- e) Talet på internasjonal forskingsfinansiering
Prestasjonskrav: Skal haldast på 2009-nivå
- f) Leiande verv i nasjonale og internasjonale komitear og organisasjonar
Prestasjonskrav: Skal haldast på 2009-nivå

Rapport

a) Typiske avvik (RMSE og ME) mellom berekna og observert verdi for trykk, vind, temperatur og nedbør i atmosfæremodellar og for straum, bølger og isdekke til havs i hav- og isdekkemodellar


Validering av atmosfæremodellar

Her viser vi til kapittel 3.1 *Resultatmål 1: Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsler for vær, hav og miljø*. Dette kapittelet viser utviklinga i kvaliteten når det gjeld berekna trykk, vind, temperatur og nedbør.


Marine modellar

Bølgjemodellen til instituttet produserer varsel for bølgehøgde og bølgeretning. For tida er det WAM som er bølgjemodellen til instituttet. Han produserer varsel for dei tre områda som er viste i figur 3.3.1, med gitteroppløysing høvesvis 50, 10 og 4 km. For små, geografisk kystnære område og farlege kyststrekningar blir det òg produsert varsel frå spesialbølgjemodellen SWAN med 500 m gitteroppløysing.

Havvarslingsmodellane til instituttet produserer varsel for vasstand, sjøis (konsentrasjon, tjukkeleik og drift) og vertikale profilar av straum, havtemperatur og saltmengda i havet. I samarbeid med Havforskningsinstituttet produserer instituttet òg varsel for konsentrasjonen av nærings salt og for biomasse. I 2012 er talet på havvarslingsmodellar redusert frå tre til to idet den gamle modellen MIPOM blei fasa ut mot slutten av 2012. Frå og med 2013 blir varsel berre produserte frå to modellsystem: TOPAZ, som dekkjer områda viste i figur 3.3.2 med ei gitteroppløysing omkring 16 km, og ROMS, som dekkjer områda viste i figur 3.3.3. Samtidig er talet på geografiske område for ROMS-systemet redusert til berre tre, med høvesvis 20 km, 4 km og 800 m gitteroppløysing.




Figur 3.3.1: Biletet viser områda som met.no varslar bølgef forhold for, og dei respektive oppløysingane. Dei raude og grøne punkta viser posisjonen av bøyemålingar som saman med satellittmålingar blir brukte til å vurdere og fastsetje kvaliteten på varsler.



Figur 3.3.2: Biletet viser området som er dekt av havvarslingsystemet TOPAZ (MyOcean). Farga område viser temperaturen i 5 m djupn (sjå fargeskalaen oppe til venstre i biletet). Skalaen går frå -2°C (blått) til $+30^{\circ}\text{C}$ (raudt) i hopp på 1°C . Også sjøisdekkfraksjonen (0-1) er vist i kvite fargar.

Både bølgeommodellane og havvarslingsmodellane bruker data frå atmosfæremodellane ved met.no eller frå ECMWF som eksternt pådrag. Kvaliteten på havvarsla er derfor òg avhengig av kvaliteten på varsel frå atmosfæremodellane. Dette gjeld i særleg grad stormflodvarsla.



Figur 3.3.3: Biletet viser dei tre områda som er dekte av det nye havvarslingsystemet ROMS. Det største området har ei gitteroppløysing på 20 km og blir kalla Arctic20. Det mellomste (markert med raudt) har 4 km gitteroppløysing og blir kalla Nordic4. Det minste området (markert med svart) svarer til det nyaste området med 800 m gitteroppløysing og blir kalla NorKyst-800. Biletet viser straumfarten i 3 m djupn etter fargeskalaen oppe til høgre (skalaen går frå 0 til 1,6 m/s i hopp på 0,1 m/s).


TOPAZ-systemet er eit samarbeid mellom met.no, NERSC og Havforskningsinstituttet og er den arktiske greina av det europeiske havvarslingsystemet MyOcean. TOPAZ-varsla blir produserte på vegner av EU. Det nasjonale havmodelleringsystemet ROMS er eit samarbeid mellom met.no og Havforskningsinstituttet, med bidrag frå NIVA. Dette systemet er ei nasjonal satsing for havvarsling for kystnære farvatn og nordområda.

Samanlikna med atmosfæren er det få regulære observasjonar av havvariablar og så godt som ingen faste målestasjonar. Spesielt gjeld dette straumar. Dette gjer både validering og mogleighetene for

dataassimilasjon vanskeleg. Satellittobservasjonar gir likevel regulære og hyppige observasjonar av overflatetemperatur, bølger, sjøisdekke og vasstand.

Bølger

For å fastsetje kvaliteten og betringa i bølgevorselet blir det brukt bøyer (sjå figur 3.3.1) og satellittdata. Betringar i bølgevorselet frå 1999 og fram til og med 2011 er vist i figur 3.3.4.




Figur 3.3.4: Bileta viser utviklinga av a) RMSE og b) typisk avvik (bias) for signifikant bølgehøgde. Perioden som er dekt, er 1999–2011. Dei ulike fargane er for fem ulike varslingsstidspunkt, nemleg 0, 12, 24, 36 og 48 timar fram i tid.

Figur 3.3.4 viser at utviklinga i talet på feil for varslingsstider i modellen har minka i perioden 2009–2011. Feilen blir vist langs den vertikale akse som RMSE (root mean square error) og som avvik (bas). Ein perfekt modell vil ha null i RMSE-feil og -avvik. Her ser vi at feilen dei siste tre åra i snitt er rundt 60 cm, mens det typiske avviket i snitt siste tre år er rundt 25 cm. Både feilen og avviket varierer noko med sesongen, på same måten som for vindvarsla til atmosfæremodellane.


Vasstand, straum, havtemperatur, saltmengd og sjøisdekke

TOPAZ-systemet:

Eit automatisk valideringssystem for TOPAZ-systemet i MyOcean blei sett i drift 2011. Dei blei utvida i 2012 til òg å gi ei tidsutvikling av feilen målt som RMSE (Root Mean Square Error) og typiske avvik (bias). Figur 3.3.5 viser tidsutviklinga av RMSE for isdekkfraksjonen mot satellittdata. Figur 3.3.6 viser både RMSE og typisk avvik for havtemperaturen i djupa mellom 5 og 100 m mot observasjonar frå drivande bøyer. Straum er ikkje med på grunn av manglande regulære observasjonar. Figuren viser at alle variablane har hatt ein minkande feil viss ein ser det siste året under eitt, men med ein sesongvariasjon i form av éin større feil i sommarhalvåret.



Figur 3.3.5: Biletet viser tidsutviklinga til feilen (RMSE) i isdekkfraksjonen for 2012 for todøgnsvarselet produsert med TOPAZ-systemet. Biletet er lasta ned frå <http://myocean.met.no/> den 15.1.2013. Tilsvarande tidsutviklingar kan lastast for lengre varslingsstider (opptil ti døgn) frå den same nettsida.




Figur 3.3.6:
Biletet viser


tidsutviklinga av RMS-feilen (øverst) og avvik (bias) for havtemperaturen i djupnlaget 5 til 100 m varsla med modellsystemet TOPAZ.

ROMS-systemet:

Det er enno ikkje utvikla eit tilsvarande automatisk valideringsverktøy for havvarslingssystemet ROMS. I 2012 har vi konsentrert oss om operasjonalisering av ROMS, implementering av eit fullt ut firedimensjonalt dataassimilasjonssystem (4DVar) og utfasing av det gamle MIPOM-systemet. Resultatet er at vi har eit heilt nytt havvarslingsmodellssystem for kystnære farvatn, som dekkjer dei tre områda viste i figur 3.3.3. For kystnære farvatn er det NorKyst-800 som utgjer den største betringa med den høge gitteroppløysinga. Statistikken i figur 3.3.7 viser at vi forventar at NorKyst-800 skal gi instituttet ei klar betring i avvik og feil. For eksempel viser figur 3.3.7 at NorKyst-800 har høge korrelasjonskoeffisientar for temperatur og saltmengd. Vidare viser figur 3.3.8 at NorKyst-800 òg har ei svært bra hyppigheitsfordeling for straum.



Figur 3.3.7: Biletet viser spreingsdiagram for varsla havtemperatur (venstre) og saltmengd (høgre) i 10 m djupn for Lofoten – Vesterålen-området. Temperatur er gitt opp i °C og eit spenn på 0–15 °C, mens saltmengda er gitt opp i g/kg og med eit spenn på 30–36 g/kg.



Figur 3.3.8: Biletet viser hyppigheitsfordelinga av straum for modellvarsel og målingar for to straummålarar på sokkelen utanfor Lofoten. Venstre bilete viser straumfarten i m/s, mens høgre bilete viser straumretninga i gradar. Observasjonane er i raudt og modellvarselet i blått.

Andre kommentarar som gjeld måloppnåinga for marine modellar

Ein stor del av ressursane i 2012 innan bølge- og havvarsling gjekk med til å setje modellsystema i drift på den nye superdatamaskina Vilje.

På tampen av 2012 er det gjort ei rekkje oppgraderingar i TOPAZ-systemet. Vi forventar at dette skal gi ein klar reduksjon av feila for ei rekkje av havvariablane i 2013. Vi forventar òg at vi i løpet av 2013 har på plass eit tilsvarande valideringssystem for ROMS.

I 2012 er det, som nemnt, implementert eit 4DVar-system i ROMS. Dette svarer til det som blir brukt for atmosfæremodellar. Vi forventar at dette skal gi ei klar betring i varsla etter som vi får erfaring med bruk av systemet i operativ samanheng.


Både bølge- og havvarsla som blir produserte med dei ulike modellane, er fritt tilgjengelege på Internett. Både bølgevarsla og havvarsla frå systema WAM og ROMS er tilgjengelege via yr.no under

menyen "Vêrkart" – "Hav og kyst". I 2012 blei det òg lagt til rette for at data kan lastast ned gratis via nettstaden met.no, i netCDF-format. Varsel frå TOPAZ-systemet er fritt tilgjengelege på nettstaden til MyOcean. Her kan ein òg laste ned varsel frå alle verdshava.

Kartlegging av isutbreiinga i Arktis

Instituttet overvakar isutbreiing i Arktis basert på satellittobservasjonar via data frå fleire prosjekt (OSI-SAF, CryoClim, MyOcean med meir) og medverkar dermed til miljøstatusrapporteringa til EEA.

I september 2012 blei det målt ny minimumsrekord for utbreiinga av sjøisen i Arktis. Den nye botnnoteringa var mykje lågare enn den førre rekorden frå 2007 og er det lågaste vi har observert gjennom meir enn 30 år med satellittovervaking av havisen. Figuren under viser gjennomsnittleg isutbreiing dei siste 30 år saman med kurver for rekordåra 2007 og 2012. I mars 2012 var isutbreiinga noko høgare enn ho har vore dei siste ti åra. Likevel blei det sett ein ny minimumsrekord i etterkant av sommaren. Frå mai til august 2012 følgde isutbreiinga kurva frå rekordåret 2007. Mot slutten av august var ein uvanleg langvarig syklon nord for Beringstredet med på sørgje for at den tynne, smeltande isen blei broten opp, og smeltinga akselererte. Minimumsnivået i september enda cirka 1 million km² under den førre rekorden.



Vurdering: Havvarslinga ved instituttet byggjer no på eit state-of-the-art modellsystem etter ei stor modernisering i 2012. Om målet faktisk er nådd, er enno ikkje klart fordi det så langt ikkje er gjennomført tilstrekkelege verifikasjonar med det nye modellsystemet. Dette vil bli gjort i løpet av 2013. Når det gjeld atmosfæreparametrane, viser vi til kapittel 3.1.

b) Effekten av nye metodar på ressursutnytting og kvalitet i vêr- og havvarslinga

Punktet skal vurderast kvalitativt.


Vêrvarsling

Ein viktig føresetnad for auka kvalitet på vêrvarsla og effektivitet i forskinga er tilgang på tungrekningsressursar. Den nye tungrekningsressursen "Vilje" har totalt 1404 berekningsnodar. Av met.no sin del er 288 nodar sette av til operasjonelle køyringar, 152 nodar er dedikerte til forskning, og 28 nodar er sette av for SMHIs backup-køyningar.

Samanlikna med den førre tungrekningsressursen (IBM "Njord") er det ny arkitektur, nytt køsystem, nye kompilatorar og nytt disksystem. Endringane har kravd ein stor innsats med endringar i script og kodar for å sikre optimal utnytting av systemet i løpet av 2012. Utnyttingsgraden vil halde fram å auke ved innføring av modellar med høgare oppløysing, større integrasjonsområde og nye ensemblesystem.

Vêrvarsling har varierende grad av utryggleik, og heilt sidan 1960-talet har den teoretiske bakgrunnen for dette vore kjend. For å ta høgde for denne utryggleiken bruker ein såkalla ensemblesystem (EPS) i

vêrvarslinga for å utarbeide probabilistiske vêrvarsel. Dette er ei samling vêrprognosar med litt ulike starttilstandar og litt ulik beskriving av fysiske prosessar. Ei slik samling prognosar frå eit gitt tidspunkt utgjer moglegheitsrommet for vêrutviklinga frå dette tidspunktet og gir eit bilete av utryggleiken i varselet. Meteorologisk institutt har leidd eit internasjonalt samarbeid om utviklinga av eit slikt paneuropeisk multimodellsystem: GLAMEPS. GLAMEPS er det første operasjonelle internasjonale samarbeidet av denne typen. Utviklinga av GLAMEPS starta i 2005. I 2012 starta faste operasjonelle køyringar, som er tilgjengelege for alle medlemslanda. GLAMEPS viser gode resultat og er generelt betre enn eit tilsvarende modellsystem (EPS) frå ECMWF for temperatur ved bakken, vind og nedbør. Figur A viser betringa for temperaturen i 2 m høgd våren 2012.



Figur A CRPSS (continuous ranked probability skill score). Raud kurve er GLAMEPS. Svart er EPS frå ECMWF. Denne ligg på null-linja fordi ho er brukt som referanse. Positive verdiar for GLAMEPS betyr at GLAMEPS skårar betre enn EPS frå ECMWF. Diagrammet er for temperatur i 2 m høgd frå 1. februar 2012 til og med 6. april 2012.

HarmonEPS er eit system som bruker den ikkje-hydrostatiske modellen Harmonie-Arome, med 2,5 km mellom dei horisontale berekningspunkta. Den 22. oktober 2012 starta Meteorologisk institutt daglege operasjonelle køyringar med dedikerte HarmonEPS for varsling av polare lågtrykk, dei første varsla i sitt slag i verda. Systemet byggjer på forskning og samarbeid mellom forskarar og meteorologar ved Meteorologisk institutt over fleire år. Systemet opnar for at meteorologane på vakt kan velje eit geografisk område der dei ventar utbrot av polart lågtrykk. Varsla viser "strike probability", det vil seie sannsynleg bane for det polare lågtrykket inntil 42 timar fram i tid. Resultata er gode og gav eit godt varsel (og stor mediemerksemd) for lågtrykket den 24. oktober 2012. Varsla er ein del av nordområdesatsinga til instituttet og blir vist på og utvikla i samarbeid med portalen BarentsWatch (som fekk brukarrekord under det nemnde polare lågtrykket).

Nordområdesatsinga er ytterlegare styrkt i 2012 ved oppsett av ein finskalamodell (Harmonie-Arome, sjå nedanfor) over Svalbard. Modelldomenet er ikkje veldig stort, men er det første skrittet for vidareutvikling av ein dedikert modell for nordområda som blir utvikla i samarbeid mellom kjernetenesta og eksterne prosjekt.

Medio 2011 innleidde met.no eit prosjektsamarbeid med SMHI, MetCoOp. Målet er å etablere eit operasjonelt samarbeid om felles produksjon av numeriske vêrprognosar med start våren 2014. I løpet av 2012 har dette samarbeidet utvikla seg etter dei oppsette planane og milepålane og blir vurdert til å vere i rute. Daglege testkøyringar inkluderer full dataassimilasjon (Optimal Interpolasjon for bakken og 3D-Var for atmosfæren) over eit geografisk område som er felles. Den nye tungreknemaskina Vilje har òg gjort det mogleg å gjere omfattande testar av ulike konfigurasjonar for modell- og assimilasjonssystem, med tanke på at modellen skal gi prognosar av best mogleg kvalitet.

Modellsamanlikningane som er gjorde, har gitt grunnlaget for å velje Harmonie-Arome som modellsystem i det norsk-svenske samarbeidet. MetCoOp-prosjektet er med på å bringe både dei operasjonelle gruppene og forskarane ved SMHI og met.no tettare saman.

Meteorologisk institutt har konsolidert innsatsen innan numerisk vêrvarsling ved at Harmonie-Arome er valt som framtidig modell foreløpig med 2,5 km gridoppløysing (og høgare oppløysing innanfor varsling av luftkvalitet i fleire av dei største byane våre). Den britiske modellen UM skal fasast ut. Dette har gitt ei stor effektivisering og auka ressursutnytting i forskinga. I løpet av 2013 vil dette komme den operasjonelle vêrvarslinga til gode.

Gjennom yr.no og andre tilliggjande tenester varslar met.no vêret kvar time for ~900 000 stader i Noreg. Utfordringane knytte til vêrvarsla på yr.no og andre tenester som høyrer til, er i stor grad meteorologifaglege. Vi har spesielt retta merksemda mot hendingar, vêrsituasjonar og andre forhold som påverkar tryggleiken negativt ("sikring av liv og verdiar"), som genererer stor interesse i media, og som fører til mange førespurnader.

Ønskt romleg detaljeringsgrad for modellane overstig langt det som er mogleg å oppnå på mange år enno, ikkje minst gjeld dette i Noreg med svært kompleks topografi og kystlinje. Det er nødvendig med lokale tilpassingar av vêrvarsla. I 2012 er desse utbetringane av vêrvarsla på yr.no utvikla og tekne i bruk:

- Automatisk korreksjonsrutine for temperaturprognosane på Svalbard. Same metodikken blei implementert for Fastlands-Noreg før vinteren 2010/11 (mars 2012).
- Justering og tilpassing av postprosessering av modellvind i fjellet (mars 2012)
- Automatisk algoritme for varsling av lyn/tore i korttidsvarselet. Lyn/tore blir no varsla både som symbol og i tekstvarsel (mai 2012).
- Justering/betra tilpassing av postprosessering av modellnedbør (juni 2012)
- Justering/betra tilpassing av symbolgenerering (juni 2012).
- Ny kartvising (november 2012)
- Implementering av ny metodikk for å bestemme nedbørfase (regn/snø) som tek omsyn til luftfukt (desember 2012)
- Sesongjusteringar av temperaturkalibreringa som blir brukt i langtidsvarselet

Bruk av radardata kan auke kvaliteten på vêrvarsla, spesielt i dei første timane. Meteorologisk institutt har lege i front når det gjeld å utvikle tekniske løysingar for å kunne ta i bruk radarobservasjonar i dei numeriske vêrvarslingsmodellane gjennom utvikling og bruk av software-verktøya CONRAD og PRORAD. I ein studie er det vist at assimilering av radarreflektivitet gav auka varselkvalitet for nedbør og andre bakkenære parametarar.

Arbeidet med assimilering av satellittdata som måler vassdamp (IASI), har halde fram sidan IPY-THORPEX. Studien skil seg frå meir tradisjonelle metodar ved at ulike satellittkanalar blir assimilererte til ulike tider. Resultata viser at IASI-observasjonane har positiv innverknad på kvaliteten på vêrvarsla.

Meteorologisk institutt arbeider kontinuerleg med å betre observasjonsgrunnlaget og har i 2012 gjort ein innsats for å gjere snødjupobservasjonar frå eit nettverk med nedbørstasjonar tilgjengelege i sanntid for oppdatering av snødekket og -djupna i modellane. Eksperiment viser at både målingar av snø frå satellitt og nedbørstasjonar medverkar til ei betring både av snødekke- og temperaturprognosar.

Med aukande oppløysing i modellane er det viktig med ei realistisk beskriving av landoverflata og dei fysiske prosessane i bakken og i grensesjiktet mellom land og atmosfære. Meteorologisk institutt viste gjennom ein studie at i stabile, kalde vintersituasjonar med stagnasjon i sirkulasjonen er fuktinnhaldet i bakken kritisk viktig som energikjelde for overflatetemperaturen til bakken, og denne energifluksen balanserer då nærast det store varmetapet gjennom langbølgja strålingstap. Dette er viktig og ny kunnskap for varsling av dei kalde vinterperiodane. Meteorologisk institutt har òg hjelpt til med forskning innanfor snøprosessar, der målet er å leggje det faglege grunnlaget for den nye operative regionale snøskredvarslingsstenesta i Noreg som startar opp i 2013 med NVE som ansvarleg institusjon.

Gjennom eit doktorgradsprosjekt om modellering og varsling av ising på konstruksjonar aukar kompetansen på sky- og nedbørparameteriseringa til vêrvarslingsmodellane. I 2012 har dette mellom anna medverka til betra varsling av nedbørfase på yr.no.

Arbeidet med å leggje til rette for varsling av ekstremt vêr held fram. Sidan det er lange returperiodar for slike hendingar og ofte lenge mellom kvar gong den enkelte meteorologen får prøvd seg i ein reell situasjon, må ein gjere spesielle grep for å halde ved like kompetansen på og beredskapen for ekstremt vêr. I 2011 blei DJIGGI-indeksen introdusert med tanke på tilrettelegging for varsling av sterke stormar i samband med store lågtrykk. Denne er blitt vidareutvikla i ein ny versjon som er testa vidare i 2012. Det er òg starta eit arbeid med tilsvarande tilrettelegging for varsling av ekstrem nedbør. Typiske vêrtrekk knytte til ekstreme nedbørhendingar er identifiserte, og det er òg eit arbeid i gang med å lagre og systematisere slike hendingar. Metodikken som blir utvikla i dette prosjektet, blir innført i operasjonell vêrvarsling fortløpande. Ekstremvêr blir varsla best probabilistisk ut frå den store mengda data som ligg føre. Dei spesielle vurderingane som må gjerast i samband med ekstremt vêr, må setjast inn i ein heilskapleg samanheng før dei kan brukast av meteorologane på vakt. Resultatet av dette er betre varsel og ei meir effektiv utnytting av data og personressursar.

Meteorologisk institutt og HIRLAM medverkar med både operasjonell GLAMEPS og HarmonEPS-eksperiment til FROST-14, eit WMO-prosjekt for betre vêrvarsling for OL i Sotsji i 2014.

Havvarsling: Ved å konsolidere havvarslingsmodellane står instituttet igjen med dei to havmodellane ROMS og TOPAZ. Vidare blir det no berre produsert varsel frå tre område (figur 3.3.3) for ROMS-systemet. Dataassimilasjonssystemet som no er implementert i ROMS, er venta å auke kvaliteten på varsla. Eit anna moment er at ettersom havvarslinga gjeld heilt frå det opne havet og til kysten, krev det stadig finare numerisk oppløysing i modellane og dermed store tungreknereressursar.

Kravet om finare numerisk gitter er òg eit problem i seg sjølv. Stadig høgare oppløysing gir seg uttrykk i meir og meir kaotiske rørsler på mindre og mindre skala. Med dei matematiske formuleringane vi bruker i dag for dei likningane som styrer rørslene i havet, har vi komme langt i å oppfylle Vilhelm Bjerknes' første krav frå 1904: ein nøyaktig kunnskap om den styrande likninga. Det vi likevel ikkje har oppfylt i havvarsling, er Bjerknes' andre krav: ein nøyaktig kunnskap om tilstanden til havet til ei gitt tid. Den praktiske løysinga på dette er det same som i atmosfæren: å utvikle eit ensemblevarslingssystem for havvarsling òg. Eit ensemblevarslingssystem vil vere til stor nytte for beredskapstenestene, då det gir grunnlag for å varsle sannsyn framfor å gi eit deterministisk varsel der ein ikkje veit noko om kor skarpt dette er. Å ha eit ensemblevarslingssystem i havet er dessutan kanskje meir nødvendig enn på land fordi vi, relativt sett i forhold til atmosfæren, har så få observasjonar for å gi føringar på varsla.

Havvarslinga må derfor betrast gjennom stadig betre sannsynsvarsel. Her er vi berre ved starten av dette arbeidet.

Vurdering: Målet er nådd.

c) Kvaliteten på beskrivinga av forureiningar i atmosfære og hav

Punktet skal vurderast kvalitativt.

Klima

Sidan 1990-talet har Meteorologisk institutt hatt framtidsklima som eit av forskingsområda. I 2012 har vekta særleg vore lagt på å medverke til IPCCs femte rapport og på metodar som utviklar resultatgrunnlaget og tenestene frå Klimaservicesenteret, som er under utvikling.

Ei rekkje vitenskaplege publikasjonar er utarbeidde i løpet av 2012 for å underbygge funna som blir oppsummerte i den femte IPCC-rapporten, som er under utarbeiding, mellom anna om strålingspådriv frå aerosolar og evaluering av multimodelensemble. Meteorologisk institutt medverkar med to forfattarar i den femte IPCC-rapporten (Cecile Mauritzen (tilsett som ny direktør ved CICERO Senter for klimaforskning frå 1. juni 2012) og Michael Schulz).

Vulkansk oske og radioaktivitet

Instituttet utviklar og tilpassar produkta frå spreingsberekningar når det er vulkansk oske i atmosfæren, slik at informasjonen kan brukast av så vel avgjerdestakarar som det flyoperative miljøet. Etter utbrotet av vulkanen Eyjafjällajökull på Island blei det etablert eit norsk kriseteam (EVA-gruppa, "Etatsgruppe Vulkansk Aske") som skal tre i funksjon ved nye utbrot. Dette teamet består av Luftfartstilsynet, Avinor, Samferdselsdepartementet, met.no og NILU. Kriseteamet skal møtast dagleg i situasjonar der norsk luftrom kan bli råka av vulkansk oske. Teamet skal analysere all tilgjengeleg informasjon, inkludert modellberekningar for spreing av vulkansk oske som instituttet gjer, og gi faglege råd til Avinor og Luftfartstilsynet. Luftfartstilsynet avgjer om det skal sendast ut melding om "danger zones" (over $4\text{mg}/\text{m}^3$), "Notice to Air Men" (NOTAM) (mellom 2 og $4\text{mg}/\text{m}^3$), eller om det er "låg" oskekonsentrasjon ($0,2\text{--}2\text{mg}/\text{m}^3$). Eit nytt prosjekt mellom Meteorologisk institutt og NILU finansiert av SD/Avinor starta i 2012 for å betre vulkansk oskeprognose og å overføre prognoseinformasjon til luftfarten.

I kritiske situasjonar knytte til radioaktivitetsutslepp eller vulkanutbrot som råkar Noreg, har instituttet vidareutvikla beredskapen gjennom ei operasjonalisering av prognosemodellen for oske og radioaktivitet. Spreingsmodellen, som er utvikla over om lag 25 år i EMEP-prosjektet, er tilpassa slik at han to gonger i døgnet bereknar spreing av oske og radioaktivitet frå ei rekkje sannsynlege kjelder tre døgn fram i tid, slik at varslingsmeteorologen heile tida kan halde seg orientert om kvar utsleppa ville ha gått om ein akutt situasjon oppstod. I eit reelt tilfelle skal berekningar av det aktuelle utsleppet kunne gjennomførast innan ein time etter at utsleppet er kjent.

Luftforureiningar og koplinga til klimaendringar

Instituttet vidarefører modellutvikling og berekningar av luftforureiningar, luftkvalitet og koplinga mellom atmosfærekjemi og klima. Modellen for berekning av transport av luftforureining (EMEP) er fleksibel med omsyn til romleg oppløysing og bruk av meteorologiske data frå forskjellige vêrvarslingsmodellar/klimamodellar. I 2012 blei det brukt store ressursar på vidareutvikling av modellen, spesielt av berekningar av partiklar. EMEP-modellen blir evaluert fortløpande i samband med rapportering til Konvensjonen for langtransportert grenseoverskridande luftforureining, til MACC II (eit EU-rammeverk 7-prosjekt for kjemisk vêrvarsling innanfor GMES) og andre prosjekt, no òg i større grad mot globale observasjonar. Evalueringane er dokumenterte i ei rekkje prosjektrapportar som er offentleg tilgjengelege, for eksempel på nettsidene til EMEP. Simulering av dei siste 20 åra av luftforureining med EMEP-modellen har vist at Göteborgprotokollen for å redusere utsleppa av svovel og andre sporstoff har vore effektiv.

Beredskapstenester i havet: oljespreiing, drivande objekt og søk og redning

Det er utarbeidd planar for ei modernisering av beredskapsmodellane slik at berekningsområdet blir det same som i dei marine varslingsmodellane og med same oppløysing (Nordkyst800, Arctic og Arctic20). Samtidig er det planlagt ei teknisk utvikling slik at beredskapsmodellane kan køyrast frå Halo. Dette er viktig for samarbeidspartane til instituttet. Arbeidet vil starte i januar 2013.

Vurdering: Det er gjennomført ei rekkje utbetringar i modellane som beskriv spreing av forskjellige typar forureiningar i atmosfæren og verknaden av desse. Målet er nådd.

d) Talet på publikasjonar i internasjonale tidsskrift med referee

Eit mål på om eit forskingsmiljø er aktivt og anerkjent, er talet på publikasjonar som blir utgitte. I 2012 (2011-tal i parentes) publiserte forskarane ved Meteorologisk institutt 58 (70) artiklar i tidsskrifter, bøker og "proceedings" med referee. Dette overoppfyller kravet til måloppnåing, som er sett til 30 artiklar.

Vurdering: Målet er nådd.

e) Delen av internasjonal forskingsfinansiering

Samfinansiert forskning ved Meteorologisk institutt har som hovudformål å bidra til utviklinga av kjernetenesta ved instituttet. Tilgangen på samfinansierte prosjekt er for tida ganske god. Hovudgrunnen til dette er mellom anna EU-kommisjonen si utvikling av Global Monitoring for Environment and Security (GMES), der Meteorologisk institutt deltek i prosjekt innan atmosfære og hav.

For 2012 (2011- og 2010-tal i parentes) var FoU-divisjonen si statsoppdragsinntekt 23 mill. kr (17,7 og 16,1) og inntekter frå eksterne forskingsfinansieringskjelder 50 mill. kr (41,5 og 37,8). Tala er estimerte fordi rekneskapen for 2012 ikkje er avslutta.

I 2012 utgjorde internasjonale inntekter om lag 50 prosent (50 og 55 %) av den eksterne forskingsfinansieringa. Omtrent 35 prosent av FoU-divisjonen sine totale eksterne inntekter kjem frå EU (FP7), som er det same som cirka 2/3 av dei internasjonale inntektene (noko høgare del enn i 2011.) Prestasjonskravet er å halde oppe nivået frå 2009.

Vurdering: Målet er nådd.

f) Leiande verv i nasjonale og internasjonale komitear og organisasjonar

Meteorologisk institutt hadde leiande verv i 14 ulike nasjonale og internasjonale organisasjonar i 2012. Talet i 2009, som er året det blir målt mot, var 11.

Torill Engen Skaugen:

- ✓ Leiar for Norsk Hydrologiråd
- ✓ Leiar for den nasjonale UNESCO-IHP kommisjonen (IHP = International Hydrological Programme)

Trond Iversen:

- ✓ Leiar av ekspertgruppe for korttids-ensembleprognosar i EUMETNET

Lars Anders Breivik:

- ✓ Leiar av EUMETSAT STG-SWG (Science Working Group)

Ole Einar Tveito:

- ✓ Leiar av COST-aksjon 733 om vêrtypeklassifisering

Helge Tangen:

- ✓ Leiar av fagrådet for ICE (Centre for Ice, Climate and Ecology)

Øystein Hov:

- ✓ Leiar av WMO Commission on Atmospheric Sciences' Open Programme Area Group on Environmental Pollution and Atmospheric Chemistry (OPAG-EPAC)
- ✓ Co-chair, AMAP Expert Group for climate, UV and ozone
- ✓ Leiar av European Academies Science Advisory Committee's (EASAC) Working Group on Extreme Weather

Jens Sunde:

- ✓ Co-Chair, International Ice Charting Working Group (IICWG)

Roar Skålin:

- ✓ Vice Chair, ECMWF Technical Advisory Committee

Kristin Lyng:

- ✓ Vice Chair, ECOMET Working Group

Instituttet har i tillegg representantar i ei rekkje arbeidsgrupper og komitear der vi ikkje har leiarverv. Desse representantane gir viktige bidrag til det arbeidet som blir utført.

Vurdering: Målet er nådd.

3.4 Resultatmål 4: Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om klimaet i Noreg i dag og om klimautviklinga i fortid og framtid

Styringsparametrar:

- a) Norske tidsseriar av klimadata som kan distribuerast fritt, skal vere tilgjengelege på nettsidene til instituttet.

Prestasjonskrav: 90 prosent av desse seriane skal i løpet av 2012 vere tilgjengelege på nettsidene til instituttet.

- b) Instituttet skal i løpet av 2012 skaffe oversikt over behovet samfunnet har for klimainformasjon og klimatenester, ved hjelp av brukarkontakt.
Prestasjonskrav: Instituttet skal ha kartlagt behovet for klimainformasjon og klimatenester hos dei åtte største offentlege brukarane.
- c) Instituttet skal ha eit Klimaservicesenter i drift og med produkt baserte på brukarbehov i løpet av 2012.

Rapport

- a) **Norske tidsseriar av klimadata som kan distribuerast fritt, skal vere tilgjengelege på nettsidene til instituttet.**

Digitale tidsseriar

Tidsseriar frå tradisjonelle målestasjonar, fartøy og plattformer som kan distribuerast fritt, er tilgjengelege på nettstadene eKlima og wsklima. For klimadata frå 2012 er tilgjenget på instituttet sine nettsider som dette:

- 99 prosent for met.no sine stasjonar og statlege samarbeidspartnarar
- 93 prosent for eksterne samarbeidspartnarar offshore
- 50 prosent for kommunale stasjonar
- 0 prosent for radiosondata

Tek vi omsyn til volumet av stasjonar i kvar gruppering, så er omkring 95 prosent av tilgjengelege klimadata for 2012 lagde ut på nettsidene til instituttet.

Kommunale stasjonar utgjer ein liten brøkdel av det totale talet på stasjonar. I 2012 var det omlegging av rutinar for innsamling og behandling av data frå kommunane. Tilgjenget til data frå kommunale stasjonar vil sannsynlegvis auke til over 90 prosent i 2013. Offshorestasjonar og radiosondestasjonar utgjer om lag 2 prosent av stasjonane til instituttet.

Ikkje-digitale tidsseriar

Meteorologisk institutt forvaltar òg mange klimaseriar som ikkje ligg føre digitalt, og i den interne aktiviteten til instituttet, HistKlim, blir det arbeidd med tilbakepunching og kvalitetskontroll av utvalde historiske klimaseriar. Dette har gitt eit viktig tilskot til tilgjenget av lange tidsseriar for klimastudier. Tidsseriane blir gjorde tilgjengelege fortløpande på nettsidene til instituttet så snart kvaliteten er sikra og publiseringsarbeidet er utført. For 2012 er tidsseriar frå omkring 275 år fordelte på 15 stasjonar gjorde tilgjengelege.

Vurdering av måloppnåing: Målet er nådd.

- b) **Instituttet skal i løpet av 2012 skaffe oversikt over behovet samfunnet har for klimainformasjon og klimatenester, ved hjelp av brukarkontakt**

I regi av Klimaservicesenteret har met.no gjennomført omfattande møte med brukarar i 2012. Brukarbehov er kartlagt hos:

- Fylkesmenn/ fylkeskommunar
- Kommunar
- NVE
- DSB
- Statsbygg
- Framtidens byer
- Jernbaneverket
- Statens vegvesen

Vurdering av måloppnåing: Målet er nådd.

c) Instituttet skal ha eit klimaservicesenter i drift og med produkt baserte på brukarbehov i løpet av 2012.

Klimaservicesenteret (KSS) er etablert som eit samarbeid mellom met.no, NVE og Bjerknnessenteret/UniResearch.

KSS er etablert og i komme i drift, og det blir leidd av met.no. Klimaseriane til instituttet blir distribuerte gjennom nettenestene eKlima og wsklima. Ein ny nettkanal, Arctic Data Center (ADC), er etablert, og han gir tilgang til gridda tidsseriar med høg romleg oppløysing for perioden 1957–2012 (døgnverdiar av temperatur og nedbør). ADC gir òg tilgang til ei rekkje datasett for framtidsklima.

Tenesta Klimavakten er kanalen for ekspertstøtte til brukarar. Klimavakten var betent i kontortida gjennom heile året og involverer klimatenesteavdelinga og vêrvarslingsavdelingane. Tenesta har tilgang til klimaforskarane på instituttet og dekkjer heile spekteret frå fagleg rådgiving til oppdrags- og bidragsverksemd. Gjennom aktiv dialog med brukarmiljøet får met.no kunnskap om behov for klimadata og produkt, og vi kan tilpasse produksjonen vår.

Vurdering av måloppnåing: Målet er nådd.

Andre kommentarar som gjeld måloppnåinga

Klimaformidling

Det er jobba vidare med innhaldet av klimastoff på yr.no og met.no. Klimastatistikk for Noreg og kontinentalsokkelen blei presentert på nettsidene til instituttet som "Vêret i Norge" kvar månad og blir samanfatta i ein eigen årsrapport. Denne blir sett om til engelsk og rapportert til WMO RA-VI.

Klimatilpassing og klimabeskriving

I samarbeid med Fylkesmannen i Troms (FMTr) er det sett i gang eit KSS-pilotprosjekt «Lokal tilpassing til eit klima i endring gjennom planlegging». Deltakarar er FMTr, DSB, NVE, met.no og kommunane Målselv, Balsfjord, Lyngen og Tromsø. Prosjektet skal mellom anna kartleggje klimaufordringane i dag og i framtida og kva behov dei fire kommunane har, det skal vidare betre bestillarkompetansen til kommunane knytt til klimadata og skaffe avgjerdsgrunnlag for kommunal planlegging.

Vi har framleis arbeidet med å undersøkje samanhengen mellom klima og effektar av klimavariasjonar i landbruk og skogforvaltning. Klimadata er mellom anna brukte til å berekne klimagassutslepp frå norsk landbruk.

I samband med Olje- og energidirektoratet sin opningsprosess for petroleumsverksemd i nord undersøkte instituttet klimaet i desse områda. Rapporten angir trendar som er observerte, i tillegg til venta endring i eit framtidig klima. Temaet polare lågtrykk blei òg omtalt. Barentshavet SØ har få måledata. Rapporten er derfor for ein stor del basert på såkalla HINDCAST-data skaffa fram ved hjelp av modellar. Tilsvarande analyse blei utført for havområda ved Jan Mayen.

Det er auka etterspørsel etter føreseiing av korttidsnedbør for både noverande og framtidig klima, som dimensjonerande grunnlag for infrastruktur. Korttidsnedbørdata er òg viktige for evaluering av vêrhendingar og for å setje riktige terskelverdiar til bruk for trinnvis beredskap i flaumhendingar. Instituttet medverkar i eit tverretatleg samarbeid "Naturfare, Infrastruktur, Flom og Skred (NIFS)". Korttidsnedbør på Austlandet er studert ved bruk av pluviometermålingar og radardata. Pluviometerdataa er brukte til studiar av ekstreme nedbørmengder for ulike (korte) tidsrom. Romleg variabilitet blir studert, og det blir produsert Intensitet-Varighet-Frekvens (IVF)-statistikk. Data frå vêr radarar i Oslo-området er brukte til detaljerte studiar av romlege mønster i episodar med kraftig nedbør.

Homogene tidsseriar og nye normalverdiar

231 stasjonsseriar av månadmiddeltemperatur for Noreg med lengd på 30–150 år er analyserte med tanke på homogenitet. 183 av desse er anten anteke homogene eller justerte for inhomogenitetar. I dei

resterande 48 er det funne spor av inhomogenitetar, men desse reknar ein ikkje med er alvorlege (met.no Note No.02/2011). Desse seriane er brukte som grunnlag for å berekne nye normalverdiar for temperatur 1981–2010. Det er berekna normalar for 187 temperaturseriar med komplett datadekning i perioden. Berre 27 observasjonsseriar for temperatur har komplett datadekning for analyseperioden 1961–2010. For dei resterande 160 seriane er manglande verdiar estimerte slik at dei 187 seriane kan utgjere eit komplett datasett for denne perioden.

Klimaanalysar på Svalbard

Dette året blei dei aller eldste observasjonane frå Svalbard analyserte og justerte inn i ei lang datarekke, slik at variasjonar tilbake til 1898 no er dokumenterte. Det viser seg at klimaet har vore igjennom svært ulike fasar. Særleg merkjer kuldeperioden 1912–1919 og den lange varmebolken 1920–1961 seg ut. Varmebolken vi har no, som starta i 1999, er den varmaste i heile rekkja, og 2012 var det nest varmaste året etter 2006. For sesongane kom alle rekordane så seint som på 2000-talet. Det har vist seg å vere stor interesse for lange tidsrekkjer frå forskingsmiljøet rundt Svalbard, så vi ventar at datarekke skal bli mykje brukt. I samarbeid med russiske forskarar har vêrobservasjonar frå 1948 til 1957 frå det russiske gruvesamfunnet Pyramiden blitt digitaliserte, analyserte og lagde inn i met.no sitt dataarkiv. Ein ny automatisk vêrstasjon er sett i drift på den gamle målestaden. Gamle og nye klimadata frå Pyramiden vil vere ein nyttig tilvekst for klimaanalysar på Svalbard.

Klimaanalysar i Noreg

Ein studie av interpolerte døgnverdiar av ulike klimavariablar viser at frekvensen av moderate til kraftige nedbørhendingar har auka i store delar av landet sidan 1957, spesielt i nedbørrike område. Dei kraftigaste hendingane har òg blitt meir intense, bortsett frå i delar av Midt-Noreg og Nord-Noreg. Snømengdene har auka i indre og høgareliggjande område der vintertemperaturen er låg, men minka til dels kraftig i låglandet og kystnære område.

Modellering av historisk klima

Ei hindcast-modellering med om lag 11 km romleg oppløysing for norske område, som dekkjer Fastlands-Noreg og austlege delar av Nord-Atlanterhavet, har gitt oss ei svært god attgiving av atmosfære- og bølgeforlda heilt tilbake til 1957. Ei slik hindcast-modellering, også kalla dynamisk nedskalering, er av stor interesse for analyse av klima. Det vil derfor bli arbeidd vidare med modellutvikling knytt til hindcast.

Modellering av landatmosfæreprosessar

Modellering av landatmosfæreprosessar er ein aktivitet vi har bygd spesielt opp i 2012. Formålet er betre vêr- og snøskredvarsel i tillegg til nye typar klimaanalysar. Bakkemodellering er viktig for vêrvarsling på fingeografisk skala og er dessutan eit nyttig verktøy for klimastudier knytte til snødekke og bakketemperaturar. Her kan vi nemne utfordringar knytte til permafrostovervaking, økologiske problemstillingar som vegetasjonsskadar, tilgang på beite for rein eller førekomst av smånagarar.

Slike prosesstudiar aukar forståinga for påverknaden snøen har på temperaturen nedover i bakken, og danning av harde islag i snøen (som er eit problem for nokre av dei nemnde økologiske problemstillingane). Det blir dermed mogleg å berekne historisk utvikling av snø og teledjupn. Resultata er lovande, smeltinga til snøen og temperaturen nedover i bakken kan bereknast rimeleg godt gitt at ein har gode observasjonar og prognosar.

Nedskalering av nye globale modellkøyningar

Nye globale berekningar knytte til Assessment Report 5 i IPCC (CMIP5) skal nedskaleras med statistisk så vel som dynamisk metodikk for regionale klimaanalyser i løpet av 2013 og 2014.

3.5 Resultatmål 5: Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i all kommunikasjon

Styringsparametrar

- a) Regularitet av leveransar på Kilden
Prestasjonskrav: 99,5 prosent av korttidsmeteogramma skal vere tilgjengelege på Kilden, og 97,5 prosent av desse meteogramma skal vere tilgjengelege innan 210 minuttar frå termintid.
- b) Talet på unike brukarar på vårportalen yr.no
Prestasjonskrav: Skal haldast på 2009-nivå
- c) I løpet av 2012 skal yr.no vere tilgjengeleg på dei mest utbreidde mobiloperativsystema.
Prestasjonskrav: I løpet av 2012 skal yr.no vere tilgjengeleg på telefonoperativsystem som har meir enn 100 000 unike brukarar.
- d) Publikums oppfatning: MMI Synovate Omdømmeundersøking
Prestasjonskrav: Instituttet skal vere blant dei fem beste statlege etatane.
- e) Evna instituttet har til å popularisere og formidle forskning, målt i talet på publikasjonar, seminar, foredrag, etc.
Prestasjonskrav: Skal haldast på 2009-nivå

Rapport:

a) Regularitet av leveranse på Kilden

Av meteogramma baserte på Hirlam blei 99,0 prosent gjorde tilgjengelege på Kilden (kravet var 99,5 %). Innan fristen på 210 minuttar frå termintid var 97,0 prosent av meteogramma tilgjengelege på Kilden (kravet var 97,5 %).

Avvika kom for det meste av problem med ei mellombels tungreknemaskin (Ve) teken i bruk rett før jul 2011. Sjå situasjonen beskriven i kapittel 3.1.c.

Vurdering av måloppnåing: Målet er ikkje fullt ut nådd.

b) Talet på unike brukarar på vårportalen yr.no

Talet på brukarar på yr.no blei ikkje berre halde på 2009-nivå, det auka. I 2012 blei det sett ny rekord ei av vekene i juli med 4,59 millionar unike brukarar. Den jamne bruken aukar år for år. Mellom 25 prosent og 30 prosent av brukarmassen kjem frå Sverige. Rundt 25 prosent av brukarane kjem frå resten av verda.

Vurdering av måloppnåing: Målet er nådd.

c) I løpet av 2012 skal yr.no vere tilgjengeleg på telefonoperativsystem som har meir enn 100 000 unike brukarar.

I 2012 er yr.no tilgjengeleg som app på IOS, Android og Symbian. I tillegg er vi tilgjengelege for alle system via m.yr.no. I løpet av dette året er det bestemt at ein heller skal utvikle "likt for alle" og ei felles løysing enn å prioritere mellom operativsystema på dei forskjellige telefonane. Det vil seie at vidare satsing vil gå mot responsiv design.

Vurdering av måloppnåing: Målet er nådd og kan gå ut som følgje av den teknologiske utviklinga.

d) Publikumsoppfatninga: MMI Synovate Omdømmeundersøking

Instituttet toppa omdømmeundersøkinga for sjuande året på rad i 2012.

Vurdering av måloppnåing: Målet er nådd.

e) Evna instituttet har til å popularisere og formidle forskning, målt i talet på publikasjonar, seminar, foredrag, etc.

Det var ein omfattande aktivitet ved instituttet når det gjaldt publikasjonar, seminar og foredrag etc. i 2012.

I 2012 var det 150 år sidan Vilhelm Bjerknes, far til den moderne meteorologien, blei fødd. Dette høvet blei brukt til både å arrangere seminar retta mot skuleelevar og å få mediemerksemd rundt jubileet. Seminaret blei halde saman med UiO. Vi deltok i SuperNytt og Førkveld på NRK og fekk ein Innsikt-artikkel om Bjerknes i *Aftenposten* i tillegg til annan medieomtale.

I 2012 har vi jobba meir for å få inn kronikkar i ulike aviser og har dermed auka frå tre kronikkar i 2011 til elleve i 2012.

For publikasjonar ser lista slik ut:

(2009-tal i parentes)

- ✓ met.no report: 22 (17)
- ✓ met.no notes: 14 (29)
- ✓ met.no info: 15 (13)
- ✓ Tidsskrift og artiklar i bøker og ”proceedings” med referee: 58, inkludert to artiklar i *Nature Geoscience* som har særleg høg påverknad som publiseringskanal
- ✓ Eksterne presentasjonar, populærvitenskaplege artiklar, rapportar, bulletinar, nyheitsbrev: 83
- ✓ Kronikkar: 11

Som nemnt under resultatmål 3 er kravet til vitskapelege publikasjonar med referee overoppfylt, med 58 publikasjonar mot målet som er 30.

Instituttet tek imot skulebesøk frå elevgrupper som har valt geofag på vidaregåande. Det var seks slike besøk i 2012. To av meteorologane våre har òg delteke i to ulike filmseriar om feltarbeid i geofag – meteorologi, mellom anna utvikla av Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa. Målgruppa for filmene er òg elevar og lærarar som har geofag i vgs. og naturfaglærarar i grunnskulen.

Ei gruppe av meteorologar står bak ei fast spørjespalte på yr.no kvar veke, «Spør meteorologen», der dei svarer folk på ulike meteorologispørsmål. Spalta har mange lesarar.

Av andre eksempel på forskingsformidling er utstillinga og spelet «Lek med været» som Meteorologisk institutt står bak. Utstillinga finn ein på Energisenteret (i Hunderfossen familiepark utanfor Lillehammer). Dette er eit interaktivt spel som lærer barn og ungdom om vêr. I ei gjesteundersøking som blei gjord, svarte 95 prosent av dei besøkjande at dei lærte noko om været gjennom spelet. «Lek med været» er òg ein nettmodul som kan brukast i undervisningssamanheng. Denne omhandlar både vêr og klima og er tilgjengeleg på met.no og energi.no.

Vurdering av måloppnåing: Målet er i det store og heile nådd.

4 Generelle krav til den samla verksemda

4.1 Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv

Delmål – personar med redusert funksjonsevne:

- Leggjje til rette arbeidsplass/oppgåver for å unngå sjukemelding
- Ambisjon om å ta inn minst ein person frå Nav

Kunngjeringstekstar skal formulerast slik at personar med nedsett funksjonsevne oppfattar at dei òg vil vere aktuelle og ettertrakta kandidatar til stillingar når det ikkje er sett særskilde restriksjonar. § 9 i forskriftene til tjenestemannsloven blir følgde.

Resultat:

Det er ikkje tilsett medarbeidarar med nedsett funksjonsevne i ordinære stillingar i 2012. Fleire medarbeidarar har likevel fått tilrettelagt arbeidsplassen / nye oppgåver. Tre personar hadde praksisplass med stønad frå Nav i 2012.

Delmål – avgangsalder:

- Yrkesaktiviteten etter 50 år skal forlengjast med 6 månader i forhold til 2009.

Resultat:

Åtte personar gjekk av med pensjon i 2009, for 2012 var talet ni. Medarbeidarar som ikkje var omfatta av særaldersgrense, stod mykje lenger i jobb i 2012 i forhold til i 2009. Medarbeidarar med særaldersgrense stod noko kortare. Instituttet har 55 tilsette i særaldersgrense 63 år, 85 tilsette i særaldersgrense 65 år.

Gjennomsnittsalder ved avgang:

Aldersgrense	Gjennomsnittsalder ved avgang 2009	Talet på pensjonistar
63 år	61 år	4
65 år	65 år og 1 måned	1
70 år	64 år og 10 månader	2

Aldersgrense	Gjennomsnittsalder ved avgang 2012	Talet på pensjonistar
63 år	60 år	1
65 år	62 år og 1 måned	1
70 år	67 år og 9 månader	7

met.no underteikna ny IA-avtale i 2011.

Delmål – sjukefråvere:

- God oppfølging av sjukemelde
- Ikkje ha arbeidsrelatert sjukefråvere

Resultat:

Sjukefråveret ved Meteorologisk institutt har alltid lege lågt. I 2012 låg det på 3,8 prosent. Til samanlikning låg sjukefråveret i det statlege tariffområdet for 3. kvartal 2012 på 5,5 prosent. Åtte tilfelle arbeidsmiljørelatert sjukefråvere blei rapporterte i 2012. Det er utarbeidd rutinar for oppfølging av sjukefråvere i samsvar med intensjonen om tidleg oppfølging av sjukemelde. Handlingsplanar og dialogmøte er gjennomførte i samsvar med regelverket.

4.2 Auke i talet på lærlingar i statsforvaltninga

Meteorologisk institutt har ein liten og svært desentralisert administrasjon og gode IT-verktøy som gjer det enkelt for alle å utføre administrative oppgåver sjølv. Instituttet hadde ein lærling for ti år sidan og hadde allereie då problem med å oppfylle krava som var sette i læreplanen. Sidan den gong har dette skjedd:

- Rekrutteringsverktøyet Easycruit har fjerna det meste av det manuelle arbeidet innan rekruttering.
- Systemet Zimbra rommar e-post, kalender og møteadministrasjon.
- Talet på kopiar som blir laga på instituttet sine kopimaskiner, er i såpass sterk nedgang at to av dei store kopimaskinene på instituttet skal seljast i 2013 (utan at dei skal erstattast).
- Talet på innkomne og utgåande brev søkk årleg.
- Marknadsaktivitetane, og dermed kundeoppfølging og kundebesøk, er sterkt reduserte dei siste fem åra og er no hovudsakleg knytte til oppdrag og prosjekt ved instituttet.
- Økonomi-, innkjøps- og rekneskapsfunksjonar er spreidde over alle divisjonane til instituttet.
- Personalavdelinga er redusert med to årsverk.

Dei to siste kulepunkta viser at det ikkje er noko «kontormiljø» ved instituttet som ein eventuell lærling kan ta del i og lære av. Som følgje av dette, og av vurderingar gjorde i alle divisjonar, var det ingen lærlingar ved met.no i 2012.

4.3. Likestilling

Tilstand med omsyn til likestilling mellom kjønna i 2012

Kjønnsbalanse

		M %	K %	Totalt	Talet på menn	Talet på kvinner
Totalt i verksemda	I år	61,9	38,1	428	265	163
	I fjor	61,9	38,1	430	266	164
Direksjonen	I år	60,0	40,0	5	3	2
	I fjor	83,3	16,7	6	5	1
Resten av leiarane	I år	77,8	22,2	45	35	10
	I fjor	70,7	29,3	41	29	12
Statsmeteorologar	I år	52,6	47,4	76	40	36
	I fjor	54,2	45,8	72	39	33
